



## Styreårsmelding 2018

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet si selskapsadresse er i Sel kommune med fylgjande avdelingar

- Lesja avd. 3a/Lesja bygdemuseum, marknadsansvarleg og avd. 9/bygningsvernådgjevar
- Dovre avd. 3b/Einbustugu og 5b/Oplandsarkivet
- Vågå avd. 4/Jutulheimen, 5c-d/Oplandsarkivet inkl. folkemusikkarkivet for norddalen
- Lom avd. 2a/Lom bygdamuseum, 2b/Stavkyrkjesenter, 10/Norsk Fjellmuseum og samlingsansvarleg
- Skjåk avd. 5a/Oplandsarkivet
- Sel avd. 1b/bergverksutstilling, industriregistrator
- Nord-Fron avd. 5e/Folkemusikkarkivet for midt- og sørdalen/Oplandsarkivet og 7/Gudbrandsdal Krigsminnesamling
- Sør-Fron avd. 1a/adm, 1d/Tusenårsstad, 8/Pilegrimssenter og 11/gardsbutikk
- Ringebu avd. 5f/Middalsarkivet/Oplandsarkivet og 6/Stavkyrkjeutstillinga

Styret hadde i 2018 5 styremøte (2017: 6) og handsama 39 saker (44). Det var ordinær generalforsamling 24. mai i Ullinsvin, Vågå.

Museet hadde i 2018 71 325 (73 744) registrerte besøk.

Årsresultatet for 2018 var kr. -305 305 (-281 328). Årsresultatet dekkast av annan eigenkapital.

Bankinnskott var pr. 31.12.18 kr. 4 820 150(5 244 230). Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2018 på kr. 1 880 914 (2 186 119).

Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit rettvisst bilete av egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetting for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

Av 13 (13) fast tilsette pr. 31.12.2018 er det 9 menn og 4 kvinner (tilsvarande. i årsverk 5,7 og 4). Av desse er 7 i 100 % stilling: 3 menn og 4 kvinner. Det er ikkje sett i gang særskilte likestillingstiltak gjennom året.

Styret har 4 menn og 3 kvinner (jf. 1. personleg vara: 3 menn og 4 kvinner).

Dei tilsette har ein frammøteprosent på 98,9 % (95,3). Det har ikkje vore uhell med personskade i 2018. Arbeidsmiljøet er godt. Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelse-teneste/Frisk og er IA-bedrift (avslutta ordning i 2018).


Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg. Det er oppfordra til samkøyring til møte og bruk av off. kommunikasjon.


Lesja 21. februar 2019

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS

  
Jan Reinert Rasmussen  
Styreleiar

  
Lars Tungen

  
Signe Thoresen

  
Berit E Meiningen  
  
Trond Ole Haug

  
Torveig Dahl  
direktør/sekr. styret  
  
Bård Hanem  
  
Benedicte F Furulund